
Saknr: 2020/43615-1
Saksbehandlar: Jorunn-Elisabeth Stavø

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Justering av gjennomsnittstakst Førdepakken

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Vestland sluttar seg til framlegget om å heve bompengetakstane med 4 kroner for taksgruppe 1 og 7 kroner for taksgruppe 2 for Førdepakken

Samandrag

Statens vegvesen har vurdert økonomien i Førdepakken etter bestilling frå styringsgruppa i Førdepakken. Årsaker til inntektssvikt er blitt utgreia. Berekingane viser at gjennomsnittstaksten har vore 25-30 % lågare enn føresett. Statens vegvesen føreslår å heve gjennomsnittstaksten til mellom 15,9 og 17,1 i 2019-kr. Saka vart behandla av Sunnfjord kommunestyre 13.februar 2020. Statens vegvesen har bedt Vestland fylkeskommune, som er garantist, å behandle saka og varsle Ferde AS om vedtaka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Dina Lefdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Brev frå Statens vegvesen 19.02.2020 Justering av gjennomsnittstakst Førdepakken
- 2 Justering av gjennomsnittstakst Førdepakken
- 3 Bereking av ny ramme Førdepakken og alternativ tiltak for å auke gjennomsnittstaksten
- 4 Høyringsuttale frå Sunnfjord kommune - Justering av gjennomsnittstakst i Førdepakken

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I vedteken [Prop. 137 \(2014-2015\) Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane](#), var det lagt til grunn ei totalramme på 1 650 mill. 2015-kr, der bompengar utgjør 983 mill. 2015-kr. Dette utgjør om lag 1 106 mill. 2019-kr.

Statens vegvesen har gjort nye berekingar av mogleg bompenggebidrag til veginvesteringar sett i høve til berekna ramme for bompengar hittil i innkrevingsperioden. Berekingane viser at gjennomsnittstaksten har vore mellom 25-30% lågare enn føreset i Prp. 137 (2014-2015).

Mandatet til styringsgruppa for Førdepakken er å styre innanfor dei rammene som er gitt i Prop. 137 (2014-2015). Det er der føreset at ein skal gjere tiltak for å oppretthalde gjennomsnittstaksten og prisjustere denne i tråd med konsumprisindeksen. Garantisten (fylkeskommunen) skal gje tilslutnad til takstjusteringar for å auke gjennomsnittstaksten til gjeldande nivå. Vegdirektoratet fattar takstvedtak. Kommunen kan verte høyrd før garantisten fattar vedtak om å justere gjennomsnittstaksen.

Dersom det ikkje vert gjort tiltak for å auke gjennomsnittstaksten til Førdepakken, så må styringsgruppa førebels redusere prosjektporteføljen i Førdepakken med 60 mill. kr. Det vil i tillegg vere ein viss risiko for at trafikk, inntekter og renter vil endre seg i perioden.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Prop. 137 (2014-2015) føreset at gjennomsnittstaksten skal prisjusterast i perioden. Dersom trafikkmønsteret endrar seg må bompengetakstane justerast over konsumprisveksten årleg for å halde gjennomsnittstaksten på det vedtekte nivået. Dette har ikkje blitt gjort i Førdepakken hittil då trafikken er høgare enn venta, rentekostnadene er lågare og Førdepakken har fått statlege tilskot som har kompensert for lågare gjennomsnittstakst. Det visar seg no at dette ikkje er tilstrekkeleg og ein må difor gjere justeringar av gjennomsnittstaksten.

I dag er gjennomsnittstaksten 14,8 2019-kr i Førdepakken. Sidan Førdepakken får statleg tilskot for å redusere bompengetakstar, så kan ein auke gjennomsnittstaksten til maks 90% av nivået som er vedtekte i Prop. 137 (2014-2015). Det vil seie at ein kan auke gjennomsnittstaksten opp til 18,6 2019-kr.

Første halvdel av 2019 viste at månadstak utgjorde 19,5% av fritakspasseringar av den totale trafikken i Førdepakken. Vidare utgjorde timeregul og nullutsleppskøyretøy høvesvis 6,9% og 5,2%. I august 2019 vart det innført halv takst for nullutsleppskøyretøy. Dette gav ein liten trafikkavvising for desse køyretøya.

Dersom trafikken og køyretøyfordelinga held seg som i dag og ein legg til grunn at Førdepakken vil få årlege statlege tilskot i heile perioden, så vil det vere nok å heve gjennomsnittstaksten til 15,5 2019-kr. Men risikoen er høg for at ein vil fortsette å få ei endring i trafikkmønster i innkrevingsperioden uansett takst- og rabattsystem. Både ved auka bruk av nullutsleppskøyretøy, og ved at fleire vil velje å gå eller sykle etter kvart som nye prosjekt vert realisert i Førde. Statens vegvesen tilrår at ein gjer tiltak som sikrar at ein får ein gjennomsnittstakst som er noko høgare enn 15,5 2019-kr for å redusere risikoen for endringar i trafikk og rente. Dersom ein løftar gjennomsnittstaksten til 18,6 2019-kr vil det truleg føre til ein unødig avvising på trafikken på den eine sida, og samtidig høgare inntekter enn det er behov for.

Månadstaket står for ein stor del av fritakspasseringane. I grunnlaget for å berekne gjennomsnittstaksten i Prop. 137 (2014-2015) la ein til grunn at berre 10% av trafikken ville få fritak som følge av månadstak. I dag får nær 20% av trafikken fritak som følge av månadstaket. Dette utgjør ein stor del av inntektstapet til Førdepakken.

Statens vegvesen foreslår følgende alternative tiltak for å heve gjennomsnittstaksten til mellom 15,9 til 17,1 2019-kr:

Tiltak	Ny venta gjennomsnittstakst (2019-kr)
1. Heve bompengetakstar med 4 kr for takstgruppe 1 og 7 kr for takstgruppe 2	17,1 kr
2. Heve månedstak frå 30 til 40 passeringar	15,9 kr
3. Heve månedstak frå 30 til 50 passeringar	16,5 kr
4. Heve månedstak frå 30 til 40 passeringar og auke bompengetakstar med 2 kr for takstgruppe 1 og 3 kr for takstgruppe 2	17,1 kr

Prisstigning i tråd med konsumprisindeksen til 2020-kr tiltaka er ikkje lagt til grunn i saksutgreiinga. Eventuell justering av bompengetakstar i tråd med KPI for bompengeprojekt krev ikkje tilslutning hjå garantist.

Sunnfjord kommune gjorde følgende høyringsuttale i sak KTS - 011/20:

Sunnfjord kommune viser til skriv datert 18. 12.2019 frå Statens vegvesen om å gje høyringsuttale om endring av gjennomsnittstakst for Førdepakken, og sluttar seg til tiltak 1 om å heve bompengetakstane med 4 kroner for taksgruppe 1 og 7 kroner for takstgruppe 2.

Kommunestyret ber formannskapet vurdere behov og rammer for diskusjon av Førdepakken.

Statens vegvesen har bedt Vestland fylkeskommune, som er garantist, å behandle saka og varsle Ferde AS om vedtaka

Konklusjon

Grunna at inntektene i Førdepakken er vorte lågare enn føresett vurderer fylkesrådmannen at det må gjerast tiltak for å sikre framtidig inntekt. For å realisere prosjekta i Førdepakken må takstane aukast. Ei takstauke vil ikkje ha stor betydning for fylkeskommunen sitt garantiansvar. Dersom det ikkje vert gjort tiltak vil ein risikere at ei inntektssvikt vil føre til at prosjektporteføljen i Førdepakken blir redusert.

Fylkesrådmannen legg stor vekt på lokalpolitisk høyringsuttale, og sluttar seg til tiltak 1 om å heve bompengetakstane med 4 kroner for taksgruppe 1 og 7 kroner for taksgruppe 2.